

Pressemelding

Nr. 1/2007

Oslo, 16. februar 2007

Fem bankar får løyve til å bruke interne modellar for berekning av kapitalkrav

Dei nye reglane for kapitaldekning som tok til å gjelde 1. januar i år, opnar for at institusjonar kan søkje om å nytte interne modellar (IRB-metode) for berekning av kapitalkravet for kredittrisiko. Kredittilsynet har gitt løyve til at DnB NOR Bank ASA, Sparebanken Nord-Norge, SpareBank 1 SR-Bank, Sparebanken Midt-Norge og Sparebanken Vest nyttar grunnleggjande IRB-metode for denne berekninga.

Det er venta at dei bankane som nyttar ein IRB-metode, etter kvart vil få lågare krav til kapital for kredittrisiko enn institusjonar som nyttar standardmetoden. Ei overgangsføresegn som gjeld fram til 2010, avgrensar utsiktene for å frigjere kapital. Den ansvarlege kapitalen skal minst utgjere 95 prosent av kapitalkravet under Basel I i 2007, 90 prosent for 2008 og 80 prosent for 2009. Institusjonane må òg ta omsyn til risiko som ikkje fullt ut er reflektert i IRB-metoden når dei vurderer kor mykje kapital dei treng. Kredittilsynet vil gjennomgå kapitalvurderinga i kvar enkelt institusjon og sjå til at institusjonane har ein forsvarleg eigenkapital.

I ein kommentar seier kredittilsynsdirektør **Bjørn Skogstad Aamo**: – *Dei fem norske bankane er dei første i Norden som nå formelt får løyve til å basere kapitaldekninga si på interne modellar i samsvar med det nye europeiske regelverket for krav til kapital i bankane (Basel II). Det er gjort ein omfattande fagleg innsats både i dei omfatta bankane og i Kredittilsynet for å førebu bruken av modellane. Målet er å få ei betre styring av den risikoen bankane tek og ein meir effektiv bruk av eigenkapitalen. – Kredittilsynet har lagt opp til ei grundig oppfølging både av bruken av modellane og av den risikoen bankane tek, understrekar Skogstad Aamo.*

Kontaktpersonar:

Kredittilsynsdirektør **Bjørn Skogstad Aamo**, tlf. 22 93 99 29
Fung. seksjonssjef **Bjørn Andersen**, tlf. 22 93 98 64

Kommunikasjonsrådgivar Arild Eide Johansen, tlf. (a) 22 93 99 94, mobiltlf. 97 15 20 11, tlf. (p) 22 50 43 05

Senior kommunikasjonsrådgivar Anne Kari Østmo, tlf. (a) 22 93 99 39, mobiltlf. 97 74 14 08, tlf. (p) 63 99 77 97

Kommunikasjonsrådgivar Chalotte Bjørn, tlf. (a) 22 93 99 20, mobiltlf. 97 64 49 34, tlf. (p) 22 38 45 61

Opprettet: 16.02.2007/AEJ

Sist lagret: 16.02.2007

KREDITILSYNET

Pb 100 Bryn 0611 Oslo > Besøksadresse: Østensjøveien 43 0667 Oslo > Tlf.: 22 93 98 00 Fax: 22 63 02 26